



Selje kommune

Rådmann

Kommunal- og moderniseringsdepartementet

Vår ref:

16/20304-9

Dykkar ref.

Dato:

11.05.2018

Oversending av høyringsuttale frå Selje kommune - Regionreform

Selje kommune viser til høyringa av rapporten «Regionreforma – Desentralisering av oppgaver fra staten til fylkeskommunen», og gjev med dette vår uttale til rapporten.

Selje kommune stør prinsippa og vurderingane ekspertutvalet har lagt til grunn i si innstilling knytt til overføring av nye oppgåver til fylkeskommunane, og stør opp om høyringsuttalen til Eid kommune og høyringsuttalen frå Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Selje kommune vil særskilt peike på at desentralisering av makt/ maktfordeling er eit viktig mål med reforma.

Nordfjord har i dag få og små statlege forvaltningsmiljø, og ingen fylkeskommunale forvaltningsmiljø. Vi legg til grunn at det i samband med omleggingane av offentleg verksemd i samband med regionreforma, blir utvikla sterkare statlege og fylkeskommunale forvaltningsmiljø også i Nordfjord.

Dette er eit omsyn som må ivaretakast både av statsforvaltinga i samband med endringar i organisering av statlege funksjonar etter regionreforma, og av Sogn og Fjordane fylkeskommune/nye Vestland fylke.

Vi vil her særskilt peike på at Fylkestinget i Sogn og Fjordane i nyleg vedteken strategi for tettstadutvikling og senterstruktur, har vedteke at Nordfjord skal ha regionsenterfunksjonar. I planen er det peikt på at dette skal gje føringar for lokalisering av etatar og tenester med nasjonalt-, fylkes- eller regionalt ansvarsområde.

Helsing

Kristine Dahl
rådmann

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Adresse

Selje kommune, Kommunehuset,
6740 Selje

Telefon

57 85 85 00

Org.nr

970 541 705

E-post

post@selje.kommune.no

Internett

www.selje.kommune.no